



Referat frå kommunemøte 18. oktober 2022

Møteleiar: Haavard Stensvand/Mari Severinsen

Deltakarar: Kommunane i Vestland

Ikkje til stades: Askvoll kommune, Gloppen kommune, Høyanger kommune, Masfjorden kommune, Sunnfjord kommune, Stad kommune, Tysnes kommune, Vaksdal kommune og Voss herad

Innhald

1.	Den tryggleikspolitiske situasjonen.....	1
	Innleiing v/Haavard Stensvand.....	1
	Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro (stabssjef)	2
	Orientering frå HV-09 v/Steffen Sanden (planoffiser)	3
	Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro.....	4
2.	Atomberedskap	4
	Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp.....	4
	Orientering om aktuelle tiltak frå Mattilsynet v/Ingeborg Slettebø Wathne	5
	Tiltak på regionalt nivå og forventningar til kommunane v/Mari Severinsen	6
3.	Flyktningsituasjonen.....	6
	Orientering frå UDI v/Njål Håkon Gudbrandsen	6
	Orientering frå IMDi v/Mari Lang Vetlejord	7
4.	Straumrasjonering v/Mari Severinsen	8
5.	Avslutning v/Mari Severinsen.....	8

1. Den tryggleikspolitiske situasjonen

Innleiing v/Haavard Stensvand

Krigen i Ukraina, og konsekvensane av den både for oss som nasjon, fylke og lokalsamfunn, gjer at vi har valt å starte opp igjen med kommunemøta. Det er viktig å kunne ha ein arena for å diskutere felles problemstillingar og dele kunnskap.

Vi håper at kommunane vil hjelpe oss med å gjere møta så relevante og nyttige som mogleg, ved at de kjem med forslag til tema vi bør ta opp. Vi har så langt lagt opp til ikkje å ha møta med så tett frekvens som under pandemien. Neste møte er difor 15. november. Viss de har synspunkt på møtefrekvensen, hører vi svært gjerne frå dykk. Vi ønskjer òg veldig gjerne synspunkt og innspel om informasjonsbehovet.

Den russiske invasjonen av Ukraina har endra rammene for norsk, nordisk og europeisk utanriks- og tryggingspolitikk. Krigføringa har eit omfang som vi ikkje har sett i Europa sidan andre verdskrig. Det er semje i NATO om auka overvakning i Nordsjøen og Østersjøen, og styrking av arbeidet med å verne



Statsforvaltaren i Vestland

kritisk infrastruktur, inkludert olje- og gassrøyrleidninga. Norske og allierte maritime styrkar opererer no i Nordsjøen.

Vi har no møte kvar veke om vakt- og sikringsoppdraget politiet har på Kollsnes og Mongstad, med støtte frå HV. I tillegg til politiet, HV09 og Statsforvaltaren, deltek kommunane Alver, Austrheim og Øygarden.

Kystverket har meldt at dei har [heva det maritime sikringsnivået til nivå 2 for utvalde hamneanlegg](#). I Vestland gjeld det

- Equinor Mongstad, Alver kommune
- Stureterminalen, Øygarden kommune
- Kollsnes Prosessanlegg, Øygarden kommune
- Fjord Base AS, Kinn kommune
- NorSea Stordbase, Stord kommune
- Mongstad Forsyningsbase, Alver kommune
- Coast Center Base (CCB), Øygarden kommune

NRK minna oss i går tidleg igjen på den ustabile situasjonen på atomområdet. Då vart det meldt at atomkraftverket i Zaporizjazja var fråkopla av straumnettet, etter eit russisk missilåtak same dag.

Vi mottek jamleg graderte rapportar og analysar frå EOS-tenestene (etterretnings- og tryggingstenestene). Rapportane inneholder ikkje informasjon som gir eit anna bilde av tryggleikssituasjonen enn det vi kan få via opne kjelder. Dei inneholder likevel både bakgrunnsinformasjon og vurderingar som er nyttig å få.

[Her er ei oppsummering av dei overordna vurderingane i rapportane og analysane.](#)

- EOS-tenestene understrekar sterkt kor viktig rolle Noreg har som sikker gassleverandør til Europa, og at det er svært viktig å sikre vidare leveransar.
- Det er stor merksemd på sårbarheter i olje- og gassverksemda.
- Petroleumssektoren er svært interessant for etterretningsverksemda frå framande statar.
- Det er risiko for cyberoperasjonar både mot forvaltninga og næringslivet.
- NSM seier at det hastar meir enn tidlegare å implementere risikoreduserande tiltak. Ei rekke digitale hendingar kunne har vore unngått viss norske verksemder hadde sett i verk grunnleggande tryggingstiltak.
- Dei lange verdikjedene er utfordrande både med omsyn til cyberoperasjonar, men òg generelt for sikring av olje- og gassverksemda. Det er mogleg å gjøre øydeleggande tiltak på mange område, som kan få alvorlege konsekvensar for evna til å oppretthalde produksjon og leveransar av energi og andre viktige varer og tenester.
- Det er mykje droneobservasjonar, utan at det er identifisert kven som står bak.

For den som måtte vere spesielt interessert i utviklinga i krigføringa i Ukraina, er det mange gode opne kjelder. Ei av dei er [nettssidene til organisasjonen Institute for the study of war](#), vårt inntrykk er at dei er svært god oppdaterte og til å stole på, m.a. nyttar dei mest seriøse kringkastingsselskapen som kjelde.

Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro (stabssjef)

Politiet har etablert vakthald for landanlegg i Vestland; Kollsnes og Mongstad. Dette er beredskapstiltak som er sett i verk med støtte frå HV. Det er ikkje full sikring, men vakthald. HV utfører oppdraget på vegner av politidistriket. Det er godt etablerte rutinar der HV har fått avgrensa politimynde. Dei er væpna med eigne våpen, men regulert av våpeninstrukturen til politiet.



Statsforvaltaren i Vestland

Politiet har eit veldig godt samarbeid med Forsvaret, med HV som kontaktpunkt. Det har lenge vore samøvingar og -treningar, og det er gode samhandlingsrutinar som no er testa ut ei stund.

Det er ingen konkrete truslar mot anlegg, men anlegga er veldig mykje meir verdt i situasjonen som er no. Sabotasjen av Nord Stream 1 og 2 påverkar direkte verdien av våre anlegg som gassleverandør til Europa, særleg når det går mot vinter og større behov for kraft til oppvarming m.v.

Mediehandtering skjer i regi av politiet, i tett samarbeid med objekteigar, Forsvaret og dei tre kommunane for ein felles bodskap.

Det vert meldt inn mykje observasjonar til politiet, både frå områda rundt landanlegga men òg frå andre stader. Det er eit høgt aktiveringsnivå i befolkninga, og politiet er nøgd med det. Det er viktig at folk melder frå om observasjonar og ting dei trur kan vere mistenkeleg. Best mogleg opplyste/detaljerte meldingar gjer analysearbeid enklare.

Politiet skal auke merksemda på kraftnæringa, for å sikre drift på landanlegga. Mange kommunar har kraftinfrastruktur i sine område som kan ha betydning for gassleveransane. Vert kraftinfrastrukturen skadd, kan det og gå ut over evna til å levere energi til Europa.

Media viser til mange droneobservasjonar. Det er ulovleg for russarar å operere dronar i Noreg, og fleire stadar er russarar tatt for mistanke om ulovleg droneflyging. Det er viktig å oppretthalde det meldingsnivået som er no, for at politiet skal kunne sile ut kva som er interessant og ikkje.

Det er viktig at kommunane har kontakt med politiet lokalt, og at folk trygt kan ringe naudnummer eller på andre måtar kontakte politiet ved mistenkelege observasjonar. Det er lokalt folk kan observere ting, og det er viktig å unngå pause i meldingsflyten til politiet. Det er eit veldig godt samarbeid med Sør-Vest politidistrikt og Møre og Romsdal politidistrikt. Sør-Vest har ansvar for det som skjer på sokkelen og får støtte frå marin og sjøforsvaret der, i tillegg til sikringa av landanlegget på Kårstø.

Det er viktig at kommunane òg er klare for å stå i langvarig beredskapssituasjon. Samstundes er det fint om kommunane kan kommunisere til innbyggjarane at det ikkje er ein trusselsituasjon, men at vi har ekstra store verdiar på vestlandskysten som gjer at vi har eit høgt aktiveringsnivå.

Orientering frå HV-09 v/Steffen Sanden (planoffiser)

HV-09 har stått i oppdragsløysing i 14 dagar. Det har gått veldig bra utan store utfordringar så langt. Innleiingsvis var det innsatsstyrken som vart brukt, men no er det HV-områda som har objekta Mongstad og Kollsnes som sine faste objekt som utfører oppdraget. Dei har trent der årleg i mange år, og har god dialog med kommunane og objekteigarane. Det er god dialog med politiet, gjennom m.a. møte på ulike nivå.

HV vil starte rullering av områda som står for vaktoppdraga, og ta i bruk resterande struktur for å fordele belastning (hente inn soldatar frå andre «teigar» i distriktet). HV-09 dekker Vestland frå fylkesgrensa i sør og opp til Sognefjorden, og kan stå lenge i oppdrag slik det er i dag.

HV opplever generelt veldig god dialog med kommunane og objekteigar. Områdesjefane som er ansvarlege for Kolsnes og Mongstad rapporterer om veldig god dialog med Equinor, som gjer det enkelt å få løyst oppdrag. Ordførar har vore på besøk hjå mannskapa på Mongstad, og det vart sett pris på.



Statsforvaltaren i Vestland

Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro

PST er den nasjonale innanlandske etterretnings- og tryggingstenesta, som har hovudmerksemål på terror, sabotasje, ekstremisme og etterretning. Etterretning og sabotasje er mest aktuelt akkurat no.

PSTs nasjonale trusselvurdering viser til ein betydeleg etterretningstrussel, som er skjerpa etter utbrotet av krigen i Ukraina. Etterretningstrusselen går både på hybride truslar (nettverk, cyber, droner osb.) og å skape usikkerheit, men òg mot krisehandteringsevne. Hybride truslar kan skape utryggheit og svekke omdømet til næringsliv og samfunnskritiske institusjonar. I den nasjonale trusselvurderinga er det Russland, Kina, Iran og Pakistan som er framheva som dei viktigaste aktørane, men i desse dagar har Russland hovudmerksemål.

Vi har veldig store verdiar i fylket vårt. Etterretningstrusselen er skjerpa, men vi har ikkje indikasjonar på at det vil skje noko meir enn det. Dei som har verdiar må vurdere eigne sårbarheiter. Tida er no inne for å gå gjennom alt av planverk. Petroleumssektoren er særleg utsett akkurat no, men både dei og andre er avhengig av t.d. ekom, vatn og straum. Alle kommunar har ein aksje i dette, med tanke på verdiar dei sit på, og kva som kan skje dersom noko blir sabotert eller svekka. Vurderingar av verdi og sårbarheit er heilt sentralt i alle råd og planverk, og kan t.d handle om noko så enkelt som å sikre backup-løysingar dersom planverk berre ligg på PC.

Politiet og PST jobbar veldig godt saman. Folk er årvakne, men politiet og PST er heilt avhengige av å få inn tips. Lokalsamfunna veit kva som er normalt, og det er betre å ta kontakt ein gong for mykje enn ein for lite. Ved observasjonar/meldingar kontaktar ein politiet i første omgang, men det er òg mogleg å kontakte PST direkte.

NSM har mykje god rettleiing på it-tryggleik. På nettsidene til PST finns det gode podcastar om etterretnings- og sabotasjetruselen som er tilrådd å høre på. Alle må vere oppmerksame, sjekke eigne verdiar og sårbarheiter og gi beskjed dersom det dukkar opp noko som fråvik frå det normale.

2. Atomberedskap

Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp

Bøklepp orienterte om status i Ukraina for det atomberedskapsfaglege, m.a. at:

- Situasjonen på Zaporizjja-anlegget er alvorleg med stadige straumbrot og stort press på ukrainsk driftspersonell. Anlegget er under russisk kontroll med ukrainsk personell. IAEA er fast representert. Dagleg russisk artilleriskyting mot ukrainsk side frå anlegget og nærområdet. Ikkje auka stråling frå anlegget.
- Ingen større endringar for dei tre andre anlegga, dei driftast som normalt og har begynt å selje straum til Europa.
- DSA har stab på beredskapsnivå 2, Kriseutvalget for atomberedskap (KU) har jamlege møte.
- I Ukraina er 8 av 15 reaktorar er operative, ingen på Zaporizjja-anlegget.

Aktuelle tiltak

Det er fleire førehandsavklarte tiltak som er aktuelle ved atomhending i Noreg, men ikkje alle vil vere aktuelle ved hending i Ukraina. Jod-tablettar og innandørsopphald vil ikkje vere aktuelle tiltak ved ei hending i Ukraina, fordi Noreg ligg så langt unna.

Aktuelle tiltak vil kunne vere i næringsmiddelproduksjon, med målingar av husdyr, grønsaksavlingar, mjølk, før til dyr osb. Det kan vere aktuelt med kosthaldsråd, råd om bruk av cisternevatn,



Statsforvaltaren i Vestland

kjøkkenhagar, sinking, fiske og jakt (kan verte aktuelt med kvoteregulering, sjølve aktiviteten er ufarleg). Tildekking av sandkassar kan òg vere aktuelt tiltak.

Oppdaterte nyhende og vurderingar frå DSA finn ein her: <https://dsa.no/atomberedskap/ukraina--atomsikkerhet-og-beredskap#V%C3%A5re%20nyheter%20om%20Ukraina>

Orientering om aktuelle tiltak frå Mattilsynet v/Ingeborg Slettebø Wathne

Mattilsynet følgjer ekstra med på situasjonen i Ukraina. Den geografiske avstanden til Ukraina er stor, og eit utslepp der vil vere fortynna før det kjem til Noreg. Men dersom det kjem nedfall i vår retning, kan det føre til ureining av næringsmiddel. Vi har prognosar og meteorologiske data som gjer at vi kan føresjå når eit nedfall vil treffe Noreg. Det gir eit mogleg tidvindauge frå 16 og kanskje opp mot 48 timer for å setje i verk konsekvensreduserande tiltak.

Ansvaret til Mattilsynets er å syte for ei trygg handtering og minimere konsekvensane ved eit radioaktivt nedfall. Tilsynet er medlem i [Kriseutvalet](#) og har oppdatert beredskapsplanverk og eigne nettsider med [informasjon og råd til privatpersonar og matprodusentar](#). Det har òg vore tett dialog med næringane om tiltaka. Hendingane i Tsjernobyl og Fukushima har gitt erfaringar.

- Mat kjøpt i butikk er trygg. Det er gode sporingssystem og kvalitetskontroll som skal sikre at vi veit kvar maten stammar frå og at den ikkje har vore utsatt for radioaktiv stråling.
- Drikkevatn frå springen er òg trygt. Aktuelle tiltak for vassverkseigarar er å følgje eigne beredskapsplanar og det kan vere aktuelt å fylle opp drikkevassbasseng. Vatn i drikkevassnett og basseng er beskytta mot forureining.
- Mattilsynet jobbar med informasjon til vassverk som kan bli plukka ut for måling av nivå i vatn. Det er avgrensa kapasitet for måling, og det er difor behov for å organisere prøvetaking frå start.
- Grønsaker m.m.:
 - Aktuelle tiltak å endre tidspunkt for hausting, få det som står ute under tak eller dekke til. Per no er det meste hausta (med få unntak).
 - Matplantar som kan vaskast eller skrellast kan truleg etast. Men i område med mykje nedfall kan det vere behov for å kassere plantar som veks over jorda og ikkje kan skrellast.
 - Rotgrønsaker og poteter vil stort sett vere godt beskytta ved nedfall, men må under tak eller dekkast til etter hausting.
- Fór bør haustast før nedfall om mogleg. Det meste er inne no, og det som er dekka til (t.d. rundballar) er godt beskytta.
- Husdyr/produksjonsdyr: aktuelt tiltak å ta inn husdyr, særleg mjølkproduserande dyr. Eit anna alternativ kan vere framkunding av slakting, t.d. sau som ikkje vert tatt i hus før slakting.
- Honningproduksjon: kan få råd om å ta inn honningtavler frå kubar.
- Kan bli aktuelt å gi råd om mat og drikke som kan vere forureina; t.d. grønt frå eigen hage, sinking frå skog og mark, vatn frå cisterne (ikkje drikke det, men tømme behaldar/tank og vaske godt), andre næringsmiddel som lett tek opp radioaktive stoff (t.d. rein, vilt, ferskvassfisk og sopp).
- Sjømat: lite sannsynleg med for høge nivå. Vil vere stort behov for kommunikasjon til marknadene. Tørking av fisk utandørs vil truleg få tilsvarende råd om å ta inn eller dekke til som for grønsaker og fôr.

Ved ein slik situasjon forventast det eit stort informasjonsbehov. Mattilsynet samarbeider tett med DSA og dei andre medlemene og rådgjevarane til Kriseutvalet.

Har oppdatert nettsidene med målretta informasjon til næring og privatpersonar:

<https://www.mattilsynet.no/mat/radioaktivitet>.



Mattilsynet og DSA har ferdigstilt ein rapport om tiltak for næringsmiddel ved atomhending:
https://dsa.no/publikasjoner/_attachment/inline/bc628aaa-b8af-465f-995d-6a33d81225d3:6ed4c4390f07238493135c94461f7d7ee2693375/TekDok%20Tiltak%20for%20n%C3%A6ringsmidler.pdf

Tiltak på regionalt nivå og forventningar til kommunane v/Mari Severinsen

Vi minner om skrivet frå DSA med spørsmål og svar for kommunar og verksemder som vi sendte ut førre veke, og revidert plangrunnlag for kommunal atomberedskap (siste versjon av finn de her). Det er nokre justeringar i det reviderte plangrunnlaget, men essensen er den same. Vi kan ikkje sjå at det i rettleiaren er endringar i forventningar til kommunane sin atomberedskap.

3. Flyktningsituasjonen

Orientering frå UDI v/Njål Håkon Gudbrandsen

- Ankomst av flyktninger til landet har halde seg ganske stabilt dei siste par månadene. Etter sommaren har søkerar om beskyttelse vore om lag 1 000 per veke totalt, der 80-90 % kjem frå Ukraina.
- Vi passerer i desse dagar 30 000 ukrainske flyktninger til Noreg i år, prognosane for 2022 er framleis 40 000.
- For 2023 er planleggingstalet 30 000, og opererer med tre scenario for ankomstar.
- UDIs samleside med informasjon til myndigheter m.fl.: <https://udi.no/informasjon-ukraina-russland/krisen-i-ukraina/myndigheter-frivillige-og-andre-samfunnsaktorer/>
- Asylregistreringa på Kokstad i Bergen registrerer fjerde flest etter Nasjonalt ankomstsenter (NAS), Gardermoen og Torp. Etter Bergen kjem registreringa på Jæren. Om lag 150 asylsøkarar vart i alt registrert dei to stadane førre veke.
- Mottak: det har ikkje budd fleire på mottak i 2022 enn det gjer i dag. Sjølv om busetjinga er historisk høg, er det med dagens ankomsttal fleire som flyttar inn i mottak enn ut. Det er òg større del av flyktningane som kjem no som har behov for mottaksplatz, færre som vel å bu privat.
- Samla er det om lag 15 000 mottaksplatzar, og om lag 10 000 bebuarar. I Vestland er det framleis høgt belegg, om lag 900 bebuarar på 1 200 plassar.
- Det er tre akuttinnkvarteringar igjen i fylket; to i Bergen og eit i Ullensvang. Magic hotel på Danmarkspllass har noko redusert kapasitet. Det skuldast at 20 av plassane er tilrettelagt for flyktninger med større oppfølgingsbehov enn det som kan ytast i eit vanleg mottak. Plassane er m.a. tiltenkt medisinsk evakuerte som har vore behandla på Haukeland.
- Stord ordinære asylmottak fekk ny/forlenga avtale i helga. I alt 17 ordinære mottak vart oppretta i dei to første vekene i oktober. 11 av desse har vore akuttinnkvarteringar, 5 heilt nye og Stord som fekk forlenga avtale.
- Har sagt opp omrent to tredjedelar av akuttinnkvarteringar som vart etablert i år, anten som rein nedbygging eller at leverandørar har fått avtalar som ordinære mottak. Har tidlegare kommunisert å ha mål om å seie opp alle akuttinnkvarteringar før jul, men slik situasjonen ser ut no klarer dei ikkje det. Må gjere anskaffing av fleire ordinære mottak for å dekke behovet framover.
- Det er ein del spørsmål om Russland for tida, særleg etter at russiske styrsmakter mobiliserte styrkar i slutten av september. I 2022 har det kome i underkant av 300 asylsøkarar frå Russland



Statsforvaltaren i Vestland

til Noreg, flest i mars/april og i sept/okt. Ingen stor bølgje, t.d. var det sist veke 17 asylsøkarar frå Russland av om lag 1 000. Det bur om lag 130 russiske statsborgarar i mottak no. Det er for små tal til å kunne seie noko om mobiliseringa har hatt nokon effekt. Det vart rapportert om noko auka aktivitet over Storskog, men i hovudsak har det vore personar med Schengen-visum. Registrering av asylsøkarar som ikkje er i målgruppa for kollektiv beskyttelse skal slik det ser ut skje på NAS.

Orientering frå IMDi v/Mari Lang Vetejord

- Busetjingsprognosane for i år er 30 000 flyktningar frå Ukraina og 5 000 frå andre land. Sjølv om scenario har endra seg i løpet av sommaren er det framleis busetjingsbehovet IMDi forheld seg til.
- Status per 17. oktober: 22 543 busette flyktningar i Noreg, derav 19 279 flyktningar frå Ukraina. Inngått avtale med kommunar om å busetje 5 273 flyktningar, derav 4 554 ukrainske, som ventar på å bli busett. Har sendt førespurnad til kommunar om å ta i mot 753 flyktningar, 708 av desse frå Ukraina.
- Dei siste sju månadene har det blitt busett like mange som dei føregåande åra til saman.
- Vestland: busett 2 413 flyktningar, 2 008 av desse ukrainske. I tillegg er det inngått avtale om busetjing av nesten 766 flyktningar, 655 frå Ukraina.
- Oppdaterte tal over busetjing: <https://www.imdi.no/bosettingstall/>
- Busetjing går veldig raskt no, i snitt går det 1,5 månad frå vedtak om opphold til busetjing. Takk til alle i kommunane som har rigga eit godt system for å ta i mot mange flyktningar på kort tid.
- IMDi har forsøkt å samle mykje av relevant informasjon for kommunane, m.a.: <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/> og <https://www.imdi.no/ukraina/>

Spørsmål:

- Kvifor tek det så lang tid frå ein kommune seier dei er klare til å ta i mot eit visst tal flyktningar, til dei får førespurnad om konkret busetjing av personar?
Svar: Det ligg fleire vurderingar til grunn for dette, og kan opplevast som kort eller lang tid. Det avheng t.d. av kor mange som er busetjingsklare, og om det kan vere særskilte omsyn som nære relasjoner. Dersom de opplever at det tek veldig lang tid, ta gjerne kontakt med kontaktsenteret til IMDi.
- Kva skjer når flyktningar ønskjer å flytte heim eller til andre kommunar?
Svar: Busetjing er frivillig, det same er det å bli buande i kommunen. Dersom flyktningen flytter i løpet av dei fem år som utløysar integreringstilskot, er det noko flyktningen sjølv vel. Flyktning som blir busett i kommunen blir òg innbyggjar, og handlingsrommet til IMDi er knytt til dei vilkår og føresegner som ligg til grunn for introduksjonslov og integreringstilskot. Det kan gi konsekvensar å flytte, og god informasjon i forkant er difor viktig. Ein kan miste rett til introduksjonsprogram, det har ein berre tilgang til i busetjingskommune - med mindre det er gjort ein avtale mellom aktuelle kommunane.

Meir informasjon ligg i rundskriv om integreringstilskot. Der er det mellom anna informasjon om forskrift og sosialtenestelova, ein kan bli vist tilbake til busetjingskommune dersom ein ber om sosialtenester. Det er viktig med god dialog med den enkelte, både for å gi god informasjon til den enkelte flyktning og for kommunane. Flyktningar som vil reise ut av landet er ein ny situasjon



Statsforvaltaren i Vestland

for både stat og kommune. IMDi har ikkje høve til å verifisere om ein person har reist. God dialog med den enkelte vil hjelpe kommunen til å gjere vurderingar knytt til tilskot og bustad, og t.d. søknad om permisjon og fråvær i introduksjonsprogrammet. Det er fleire aktørar i dette; UDI om vilkår til grunn for opphaldsløyve, Skatteetaten ved opphold i utlandet over seks månader.

4. Straumrasjonering v/Mari Severinsen

Sjølv om vi dei siste vekene har sett ein auke i magasinfyllinga òg i Sør-Noreg, er det likevel nødvendig å halde fram med å planlegge for ein mogleg rasjoneringssituasjon til våren.

Takk for oversyn vi har fått over prioriterte brukarar frå mange av kommunane og frå medlemene i fylkesberedskapsrådet. Vi minner om at fristen for innsending er mandag 24. oktober.

Elles vil vi poengtere at dette er starten på ein prosess. Det er mange spørsmål som dukkar opp, m.a. om verdikjeder og prioriteringsnivå på ulike brukarar.

Dersom de identifiserer utfordringar som de er usikre på korleis de skal handtere, er det fint om de speler inn desse saman med prioriteringsoversikta til oss. Då kan vi ha ein dialog om det i etterkant.

Vi vil starte med å sjå på mest mogleg lik prioritering internt i fylket, men målet på sikt må vere å vere mest mogleg like på nasjonalt nivå. Det vil i tillegg vere overordna problemstillingar der ein er avhengig av ei nasjonal avklaring. Desse vil vi jobbe med å samle opp under vegs, slik at vi kan sende dei samla inn til nasjonale myndigheter.

5. Avslutning

Vi vil innan kort tid sende ut kursbevis for legar som har meldt frå om at dei ønskjer det for fagsamlinga i september.

Vi har som mål å sende ut sakliste for møtet seinast dagen før kommunemøta.

Send gjerne innspel til sakliste eller t.d. møtefrekvens til sfvlberedskap@statsforvalteren.no. Neste planlagde møte er tysdag 15. november kl. 13.30 til 15.00.